

Fylkesdelplan for biblioteka i Hordaland 2007-2010

Høyringsutkast

Fylkesdelplan for biblioteka i Hordaland 2007-2010

Innhald

Innleiing	3
Planprosess	3
Fakta om biblioteka i Hordaland	4
Hovudfokus:	4
1. Involvere alle typar bibliotek i fylket	5
2. Etablere forpliktande samarbeid mellom biblioteka	5
3. Etablere faglege nettverk og kompetanseutvikling	5
4. Utvikle alle bibliotek som kunnskapsallmenningar og arena for livslang læring	5
Målområde:	6
1. Struktur og organisering	6
Strategiar:	6
1.1 Samarbeid mellom alle offentlege bibliotek	6
1.2 Etablere forpliktande samarbeidsavtalar mellom folkebibliotek	7
1.3 Utvikle gode skulebibliotek	7
2. Kompetanse	8
Strategiar:	8
2.1 Utarbeide kompetanseutviklingsprogram	8
2.2 Etablere nettverk basert på kunnskapsdeling, rettleiing og kunnskapsbasert praksis	8
2.3 Stimulere utviklingsarbeid i kommunane	9
3. Innhald og tenester	9
Strategiar:	9
3.1 Styrkje biblioteka som bidragsytarar til digital kompetanse	9
3.2 Tilby enkel tilgang til digitale bibliotektenester	10
3.3 Styrkje biblioteka som fleirkulturelle institusjonar	10
3.4 Universell utforming og fysisk tilrettelegging	10
3.5 Vidareutvikle kultur- og litteraturformidlinga ved å fremje leselyst og lesedugleik	11
3.6 Styrkje biblioteka som bidragsytar til auka livskvalitet i lokalsamfunna	11
3.7 Styrkje lokal identitet gjennom formidling av lokalhistorie i ABM-institusjonane	12
3.8 Gjere tenestene kjende	12
Referansar	13
Vedlegg 1: Fag- og forskningsbibliotek i Hordaland 2005	14
Vedlegg 2: Folkebiblioteka i Hordaland 2006	14
Vedlegg 3: Besøk og utlån i folkebiblioteka 1997-2006	15
Vedlegg 4: Bibliotek i vidaregåande skule	15
Vedlegg 5: Bibliotek i grunnskulen	16
Vedlegg 6: Periodikatitlar i fag- og forskningsbibliotek	17
Vedlegg 7: Nedlasting av elektroniske dokument ved Universitetsbiblioteket i Bergen	17

Innleiing

Fylkesdelplanen for biblioteka i Hordaland 1994-97 var den første fylkesdelplan for bibliotek i Noreg. Planen viste seg å vere eit effektivt verkemiddel i arbeidet med å få til ei samla satsing på bibliotek-utvikling i fylket. Planen var tverrfagleg og sektorovergripande, og førte til fagleg nettverksbygging og realisering av store bibliotekprosjekt. Ein revidert plan for åra 1998-2001 blei vedteke av fylkestinget i oktober 1998. *Fylkesdelplan for biblioteka i Hordaland 2002-2005* blei vedteke av fylkestinget i oktober 2002.

Bibliotekplanane har gitt retning til og konkretisert bibliotekarbeidet i Hordaland. Strategiar og tiltak har vore med på å styrkje fylkeskommunen si rolle som regional utviklingsaktør og som tenesteytar. Planane har vore ei drivkraft i arbeid med bibliotekutvikling i fylket og er ved sida av Biblioteklova det viktigaste styringsverktøyet for arbeidet i fylkesbiblioteket.

Eit av kulturmåla i *Fylkesplan for Hordaland 2005-2008* er å gi innbyggjarane i fylket tilgang til dei beste arkiv-, bibliotek- og museumstenestene. Bibliotekplanen er eit verkemiddel for å kunne nå ei slik målsetjing.

I februar 2006 blei det lagt fram sak om revisjon av planen, og fylkestinget vedtok i mars 2006 at gjeldande bibliotekplan skulle prolongerast fram til ny plan var vedteke. Som saksordførar for rullering av bibliotekplanen blei Sigmund Olsnes valt. Det blei også vedteke at arbeidet med rullering av bibliotekplanen skulle starte etter det pågåande utgreiingsarbeidet om biblioteka i Noreg var ferdig hausten 2006. I tilfelle at dette blei forseinka, skulle planarbeidet starte i alle fall i år 2006.

Statens organ for arkiv, bibliotek og museum, ABM-utvikling, la 25.09.2006 fram utgreiinga Bibliotekreform 2014 om sentrale problemstillingar på bibliotekområdet. Utgreiinga var utført på vegne av Kunnskapsdepartementet og Kultur- og kyrkjedepartementet og omfattar alle offentlege bibliotek.

Arbeidet med ny fylkesdelplan for biblioteka i Hordaland blei for alvor sett i gang 26.oktober på møte med leiarane for folkebiblioteka i Hordaland. Hovudtema på møtet var Bibliotekreform 2014, samarbeid og konsolidering av bibliotek og diskusjon om ein regional bibliotekpolitikk.

Planprosess

Planen er ein revisjon/rullering av planen frå 2002-2005, samstundes som målet har vore å utforme ein tydeleg regional bibliotekpolitikk. Planen må også ha samheng med regional politikk på andre felt og nasjonal politikk, som er nedfelt i statlege og regionale planar (sjå referanselista).

Saksordførar Sigmund Olsnes har vore involvert i heile planprosessen og har hatt eigne drøftingsmøte med fylkesbiblioteket. Sentralt i arbeidet med planen har også prosjektgruppa vore. Den har bestått av: Direktør Kari Garnes og kontorsjef Ole Gunnar Evensen frå for Universitetsbiblioteket i Bergen, hovudbibliotekar for Høgskulen i Bergen Tove Pemmer Sætre, biblioteksjef i Lindås Marit Gro Berge, fylkesmannen si utdanningsavdelinga ved rådgjevar Toril Tysseland og fylkesarkivar Egil Nysæter. Fylkesbiblioteket er sekretariat for planen og har vore representert ved fylkesbiblioteksjef Ruth Ørnholt og rådgjevar Elin Golten i prosjektgruppa.

Prosjektgruppa har hatt to møte og var i tillegg invitert til å halde innlegg på bibliotekplankonferansen i Bergen 26.01.07. Innlegga blei lagt ut på nettstaden til fylkesbiblioteket. Etter konferansen blei det etablert ein blogg der målområda, med mål og utfordringar blei lagt ut. Det er ingen som har nytta høve til å kome med innspel via bloggen.

Fakta om biblioteka i Hordaland

Statistikken, som blir samla inn av ABM-utvikling kvart år synleggjer og dokumenterer gjennom tal økonomiske rammevilkår, ressursar og aktivitet. Vedlegg 1 - 5 viser nokre nøkkeltal for biblioteka i Hordaland.

Det er vel 400 personar som arbeider i dei ulike bibliotekeiningane i fylket. Omrekna til årsverk er det vel 160 i fag- og forskingsbiblioteka og knapt 167 i folkebiblioteka. 98 av dei 233 tilsette i folkebiblioteka har fagutdanning som bibliotekar. Det er fem kommunar som ikkje har fagutdanna biblioteksjef. Skulebiblioteka manglar stort sett bibliotekfagleg personale eller personar med bibliotekfagleg utdanning tilsvarende minst ei halvårseining, noko som kjem fram i vedlegg 4 og 5. På dei 46 vidaregåande skulane vil det i løpet av 2007 vere tilsett seks fagutdanna bibliotekarar i 100% stillingar. I 2005 var det ingen.

Det er 94 stasjonære sørvisstadar for bibliotek i fylket. I tillegg kjem stoppa for mobile bibliotek: 328 bokbusstopp og 52 bokbåtstopp. Det vil seie at det totalt er 474 betjeningspunkt for offentlege bibliotek i Hordaland.

Folkebiblioteka lånte ut meir enn 5 millionar einingar i 2006, enno var det ein nedgang i høve til året før (vedlegg 3). Fag- og forskingsbiblioteka hadde eit utlån på vel ein halv million i 2005. Sjølv om utlånet er relativt lågt i høve til folkebiblioteka og er synkande, har nedlasting av elektroniske dokument eksplodert. Frå 2005 til 2006 auka nedlastinga frå 675 000 til 888 000 ved Universitetsbiblioteket i Bergen (vedlegg 6 og 7).

Utlånet har også gått ned i dei vidaregåande skulane, medan det har auka i grunnskulen, samstundes som tilvekst av bøker har gått ned (vedlegg 4 og 5).

Alle biblioteka i Hordaland utanom Askøy, har tilgang til Internett for publikum. Ved årsskiftet 2006/07 var det berre folkebiblioteka i Sund og Fusa som ikkje hadde katalogen sin på Internett.

Statistikken viser tydeleg at Hordaland har eit skiftande og ueinsarta bibliotektilbod; frå høgt teknologiserte, spesialiserte og kvalifiserte bibliotektenester formidla gjennom universitets- og høyskulebiblioteka og dei største folkebiblioteka - til eit enkle og lite tilgjengelege tilbod gjennom dei minste folke- og skulebibliotekeiningane. Utfordringane varierer i høve til type bibliotek, rammevilkår og kva nivå det einskilde bibliotek fungerer.

Hovudfokus:

Ein av strategiane i *Fylkesplan for Hordaland 2005-2008* er å etablere og styrke nettverk og infrastruktur med kommunar og kulturaktørar. I den regionale bibliotekpolitikken betyr det at alle biblioteka i fylket må involverast i realisering av fylkesdelplanen for bibliotek. Fleire strategiar og tiltak kan berre gjennomførast dersom ein greier å skape sterke nettverk og forpliktande samarbeid mellom biblioteka. Samarbeidet må baserast på ein felles infrastruktur og faglege nettverk med vekt på kompetanseutvikling. I fylkesplanen er det også eit mål å fremje systematisk læring gjennom heile livet for alle innbyggjarane. Regional bibliotekpolitikk er å medverke til at alle bibliotek blir utvikla som kunnskapsallmenningar og arena for livslang læring.

Fylkesdelplan for biblioteka i Hordaland 2007-2010 har tre prioriterte målområde:

1. Struktur og organisering
2. Kompetanse
3. Innhald og tenester

Dette er dei same målområda som i Bibliotekreform 2014. For kvart målområde er det utarbeidd mål, strategiar og tiltak. Den regionale bibliotekpolitikken blir synleg ved at det på tvers av målområde og strategiar er fire fokus.

1. Involvere alle typar bibliotek i fylket

Ein føresetnad for at alle skal kunne få eit likt bibliotektilbod, uavhengig av kvar ein bur i fylket, er samarbeid på tvers av sektorgrensene og forvaltningsnivå. Innbyggjarane i Hordaland bør kunne oppleve eit heilskapleg bibliotektilbod. Dette kan realiserast både gjennom faglege og organisatoriske strategiar og tiltak.

Det er ein stor konsentrasjon av bibliotek i Bergensregionen og brukarane her har tilgang til det meste av bibliotekressursane i fylket. Manglande samspel mellom sektorane fører likevel til at brukarane ofte må oppsøkje fleire bibliotek før dei får den tenesta dei er ute etter. Utanfor Bergen er stort sett dei kommunale folkebiblioteka det einaste tilbodet. I den grad det er mogleg, bør brukarar som vender seg til eit folkebibliotek, kunne få tilgangen til digitale og fysiske ressursar, som ein kan få ved å vende seg til eit fag- eller forskingsbibliotek i Bergen. Dette er ikkje situasjonen i dag. Brukarane i Hordaland har ikkje eit likt tilbod, korkje i det fysiske biblioteket eller på Internettet, dersom dei vel å gå til nettstaden til sitt lokale bibliotek. Frå ein regional ståstad er det mogleg å arbeide med nettverk og samarbeid for å få til eit samspel mellom alle offentlege bibliotek, på tvers av faglege og organisatoriske skiljelinjer. Dei samla ressursane vil kunne nyttast meir effektivt og kome både brukarar og bibliotektilsette til gode.

2. Etablere forpliktande samarbeid mellom biblioteka

Bibliotekreform 2014 går inn for at det skal etablerast sterkare og meir kompetente folkebibliotek gjennom ein konsolideringsprosess som omfattar biblioteka i fleire kommunar. I Hordaland har ein gjennom fleire år hausta erfaringar frå ulike modellar for forpliktande samarbeid mellom kommunale folkebibliotek. Samarbeida er regulert gjennom avtaler som inneber pliktar av både personalmessig og økonomisk karakter, og har gitt gode resultat. I alt 15 av dei 33 kommunane i Hordaland er involvert i ei eller anna form for biblioteksamarbeid.

Utvikling av samarbeid mellom folkebibliotek er viktig og kan gje grobotn for betre bibliotektenester i kommunane. Gjennom samarbeid kan ein utnytte biblioteka sine ulike ressursar til beste for brukarane. Mange av dei kommunale folkebiblioteka vil ikkje kunne bidra i eit samhandlande biblioteknettverk, utan at dei blir styrkja gjennom samarbeid med andre.

Ressursane i fag- og forskingsbiblioteka kan kome innbyggjarane i Hordaland til gode gjennom avtaler om logistikk. Utnytting av elektroniske ressursar vil i stor grad vere avhengig av forhandlingar om nasjonale lisensar.

3. Etablere faglege nettverk og kompetanseutvikling

Dei bibliotektilsette i Hordaland har til saman brei og grundig kompetanse innanfor alle aspekt ved bibliotekverksemd. Mange tilsette både i folke- og fagbibliotek manglar også nødvendig kompetanse. Det er behov for eit kompetanseløft både i folkebiblioteka, skulebiblioteka og i fag- og forskingsbiblioteka for å møte utfordringar i morgondagen. Auka kompetanse vil profesjonalisere biblioteka og gjere den samfunnsmessige rolla til biblioteka tydelegare.

Frå eit regionalt perspektiv er det ikkje mogleg å løyse alle utfordringar på dette området, men med utgangspunkt i kunnskap om kompetansemiljø og dei behova som finst i biblioteksektoren i fylket, er det mogleg å skape ein lærande biblioteknettverk i Hordaland. I arbeid med ulike strategiar og tiltak skal det vere fokus på å utnytte og utvikle kompetanse til å møte utfordringar og etablere ny praksis.

4. Utvikle alle bibliotek som kunnskapsallmenningar og arena for livslang læring

Utvikling av kunnskapssamfunnet krev fysiske og digitale arenaer som inspirerer til samhandling og læring. Biblioteka forvaltar kunnskap i form av ulike fysiske og digitale ressursar på vegne av

fellesskapet på lokalt, regionalt eller nasjonalt nivå. Fjernlån og lånesamarbeid er døme på deling av kunnskapsressursar mellom biblioteka.

Når ein regionalt skal ha fokus på å utvikle biblioteka som kunnskapsallmenningar og arena for livslang læring, må dette sjåast i samanheng med dei andre fokusområda. Alle typar bibliotek må involverast i eit samhandlane og samarbeidande nettverk for at kvart einskild bibliotek skal kunne bli skreddarsydde kunnskapsarenaer for sine brukarar.

Det handlar ikkje berre om logistikk, men også om å legge dei fysiske tilhøva til rette ved utforming av biblioteklokale og digitale tenester. Samstundes som ein gir tilgang til kjeldene, må det vere fokus på bruken av desse. Brukarar og bibliotektilsette treng auka digital kompetanse, og bibliotektilsette treng pedagogisk kompetanse.

Målområde:

Fylkesdelplan for biblioteka i Hordaland 2007-2010 har målområda i prioritert rekkefølge med eiga målsetjing for kvart område. Dei to første områda legg i stor grad grunnlag for arbeidet med det siste. Innanfor kvart målområde er det utarbeida strategiar og lista opp tiltak. Gjennomføring av tiltaka vil bli planlagt i eit eige handlingsprogram. Fullstendig handlingsprogram vil bli laga i samband med årsbudsjettet for 2008 og økonomiplanen for 2008-2011.

1. Struktur og organisering

MÅL: Hordalandsbiblioteket skal etablerast som eit samarbeid mellom alle biblioteka i fylket.

Strategiar:

1.1 Samarbeid mellom alle offentlege bibliotek

Mål: *Hordalandsbiblioteket skal ha felles retningslinjer knytt til effektivisering av lånesamarbeid og andre brukarretta tenester*

Hordalandsbiblioteket er ein parallell til det som i ABM-meldinga frå 2001 kallast eit saumlaust bibliotektilbod, og som i Bibliotekreform 2014 går inn i omgrepet Norgesbiblioteket. Reforma vil ikkje kunne gjennomførast utan at bibliotekeigarane blir engasjert og utan at alle typar bibliotek blir involvert. Hordalandsbiblioteket skal involvere dei offentlege fag- og folkebiblioteka i fylket. Bruk av nasjonale lånekort vil gjere samarbeid mellom bibliotek enklare både lokalt, regionalt og nasjonalt. Det må vere like reglar for utlån i folkebibliotekta og det må vere lett å få oversikt over kva for ressursar som finst for brukarane. Folkebiblioteka må stimulerast til samarbeid om innkjøp og sirkulasjonsordningar av spesielt materiale, som t.d. film og musikk.

Det er ei stor utfordring å gjere informasjonsressursane som biblioteka i Hordaland har, tilgjengeleg for alle. Elektroniske dokument representerer ei særskilt utfordring, fordi dei er berørt av kommersielle og opphavsretslege problemstillingar. I nært samarbeid med nasjonale tiltak, bør ein sjå om det finst regionale løysingar på dette, dette gjeld også felles inngang til digitale ressursar.

Tiltak:

- Transportordning
- Felles lånekort
- Felles lånereglement for alle folkebibliotek
- Felles søk i bibliotekatalogane
- Samarbeid om innkjøp
- Sirkulasjonsordningar av AV-samlingar
- Tilgang til elektroniske dokument

1.2 Etablere forpliktande samarbeidsavtalar mellom folkebibliotek

Mål: *Forpliktande samarbeid mellom folkebiblioteka i fylket skal etablerast gjennom ulike samarbeidsmodellar, ut frå lokale tilpassingar og føresetnader.*

Forpliktande samarbeid kan gje betre tilbod til brukarane av biblioteka gjennom utnytting av felles ressursar. Sameining gjev grobotn for betre tenester, men skaper ikkje dette aleine. Erfaring viser at konsolidering, slik det er skissert i Bibliotekreform 2014, ikkje treng vere den einaste samarbeids-løysinga for folkebiblioteka. Utvikling av gode samarbeidsløysingar og – miljø, krev at ein tek omsyn til lokale forhold og perspektiv som geografi, tigjengelege ressursar og kommunestorleik. For å få til eit godt biblioteksamarbeid er ein avhengig av politisk vilje og tru på samarbeid på kommunalt nivå. Samarbeidsmodellane må ta høgde for at dei kan vidareførast i endringar i forvaltning og kommunestruktur.

Eit fagleg og organisatorisk samarbeid må vere politisk forankra og ha vedtekne mål. Folkebibliotek som inngår forpliktande samarbeidsavtalar, bør utarbeide planar for m.a. korleis dei skal kunne bidra til realisering av Hordalandsbiblioteket.

Tiltak:

- Kartlegge og invitere folkebiblioteka til ulike samarbeidsmodellar
- Stimulere og ta initiativ til samarbeid mellom folkebiblioteka
- Stimulere interkommunal bibliotekplanlegging

1.3 Utvikle gode skulebibliotek

Mål: *Strategisk handlingsplan for skulebiblioteka i vidaregåande skular i Hordaland skal gjennomførast i samarbeid med Opplæringsavdelinga i fylkeskommunen. Kvaliteten på biblioteka i grunnskulen skal bli betre.*

Det har blitt gjort mykje godt arbeid med skulebibliotek i Hordaland dei siste åra, samstundes har det utvikla seg store skilnader mellom dei beste og dårlegaste biblioteka. Skulebiblioteket skal både vere ein læringsarena, kulturarena og ein møteplass i skulekvardagen, og det skal bidra til betre læring gjennom integrering av biblioteket i det pedagogiske arbeidet. I Bibliotekreform 2014 går ein inn for eit nasjonalt program for skulebibliotekutvikling. Arbeidet må starta hjå skuleeigar på regionalt nivå og i kommunane.

Fylkeskommunen har tatt ansvar for utvikling av biblioteka i dei vidaregåande skulane gjennom *Strategisk handlingsplan for skulebiblioteka i vidaregåande skular i Hordaland 2004-2010*, som blei vedteken i fylkestinget i 2004. Kvaliteten på bibliotek i den vidaregåande skulen i Hordaland skal aukast gjennom vidareutvikling av sentrale tenester med rasjonelle it-løysingar, rettleiing og oppfølging, oppretting av nye stillingar for fagutdanna bibliotekarar, arbeid for gode samarbeidsmodellar med folkebibliotek og på den enkelte skulen og bygging av lærande nettverk ved nye kommunikasjonsverktøy.

Fylkeskommunen skal arbeide vidare med kompetanseutvikling og lesestimuleringstiltak i ei eventuell fortsetjing av det nasjonale tiltaket *Gi rom for lesing!* Erfaringar viser at satsing på lesestimulering og rikeleg tilgang på litteratur, fører til auka lesing og lesedugleik.

For betre ressursutnytting, bør utvikling av skulebibliotek i mindre kommunar koplast til folkebiblioteket. Erfaringar frå fylket viser at nær og forpliktande samarbeid har gitt auka fagleg kvalitet og betre skulebibliotektenester. Brukarar og eigarar har tydelegare sett verdien av å satse på bibliotek, og både folke- og skulebibliotek har blitt tilført fleire ressursar. For å nå målet, er det viktig å sikre kompetanse hjå dei som arbeider med skulebiblioteka.

Heile utdanningsløpet må sjåast i samanheng. Fylkeskommunen må støtte nasjonale tiltak for å utarbeide felles standardar for skulebibliotek og indikatorar for kvalitetsvurdering av bibliotektenester i grunnskulen og vidaregåande skule, tilsvarande Universitets- og Høgskolerådet: Kvalitetsvurdering av bibliotektenester.

Tiltak:

- Initiere og støtte tilsetjing av kommunal/regional koordinator for grunnskulen
- Opprette faglege fora og nettverk for skulebibliotekarar
- Etablere ulike samarbeidsløysingar mellom folke- og skulebibliotek
- Utarbeide eit brukaropplæringsprogram med progresjon frå grunnskule til universitets- og høgskulenivå, med klare læringsmål for kvart skulenivå
- Vere aktive deltakarar i lesekampanjar, både nasjonale og lokale

2. Kompetanse

MÅL

Alle innbyggjarar i Hordaland skal møte bibliotekpersonale med brei og oppdatert kompetanse.

Strategiar:

2.1 Utarbeide kompetanseutviklingsprogram

Mål: *Kompetansebehov skal kartleggjast og definerast i relasjon til nasjonale og regionalpolitiske mål. Det skal utviklast opplæringsaktivitetar tilpassa kompetansebehovet i fylket.*

Fylkesbiblioteka har eit lovfesta ansvar for å arrangere møter og kurs om bibliotekspørsmål og arrangerer kvart år mange konferansar og kurs av ulik lengde. Hordaland fylkesbibliotek har vore initiativtakar til fleire kompetansegivande kurs ved Høgskulen i Bergen. Kompetanseplanar bør utarbeidast i nært samarbeid med dei einskilde biblioteka og i samarbeid med arbeidsgivarar, fagorganisasjonar og utdanningstilbydarar. Kursa bør i mest mogleg grad bli arrangert regionalt, slik at flest mogleg kan delta.

Hordaland fylkeskommune skal støtte tiltak i Bibliotekreform 2014 som kan føre til kompetanseutvikling og dermed betre kvalitet i bibliotekenestene. Utvikling av kompetansetiltak skal sjåast i samanheng med etablering av ein ny bibliotekstruktur i fylket. Dei samarbeidane bibliotekeiningane må ha riktig samansett kompetanse. Det er også ei utfordring å kunne tilby tilsette i fag- og forskningsbibliotek kompetanseutvikling.

Tiltak:

- Kartlegge kompetansebehovet i Hordalandsbiblioteket
- Arrangere og gjennomføre etter- og vidareutdanning av tilsette i biblioteka
- Auke skulebibliotekansvarlege (lærarar) sin bibliotekkompetanse
- Vidareutvikle bibliotektilsette sin pedagogiske kompetanse
- Engasjere pedagogar og andre i samband med brukarretta opplæringstilbod i biblioteket sin studieverkstad med fokus på IKT, studierettleiing og interaktiv opplæring

2.2 Etablere nettverk basert på kunnskapsdeling, rettleiing og kunnskapsbasert praksis

Mål: *Biblioteka i Hordaland skal kommunisere fritt og dele kunnskap og erfaring til beste for alle brukarar.*

Det er ei nasjonal målsetjing, nedfelt i Bibliotekreform 2014, at kunnskap og erfaring i biblioteka skal formidlast og utnyttast effektivt lokalt, nasjonalt og globalt. Eit nasjonalt tiltak er å opprette nettverksgrupper med deltakarar frå ulike bibliotektypar. Dette er eit godt tiltak, men det vil ha liten innverknad på den einskilde si faglege utvikling, dersom desse berre skal etablerast og drivast av ABM-utvikling. Fylkesbiblioteka har oversikt over heile bibliotekmiljøet i sin region, og vil etablere nettverksgrupper på tvers av bibliotektype og forvaltningsnivå i fylket.

Høgskolen i Bergen har hausta erfaring med kunnskapsbasert praksis og lærande nettverk for bibliotekarar. Desse arbeider med å auke kunnskap om bibliotekfaglege forkning og praktisk bruk av forskning. Denne metoden kan prøvast ut på tvers av biblioteksektoren i fylket. Det kan vere aktuelt å opprette nettverk med bruk av elektroniske ressursar og brukaropplæring som tema. Eit tiltak i nettverket

kan vere å utvikle eit opplæringsprogram på tvers av sektorane, etter mønster frå det som er gjort ved universitets- og høgskolebiblioteka i Bergen.

Tiltak:

- Etablere og utvikle digitale kommunikasjonsfora
- Prøve mentorordningar for nytilsette
- Prøve hospiteringsordningar
- Opprette netverksgrupper med basis i kunnskapsbasert praksis
- Utvikle felles opplæringsprogram

2.3 Stimulere utviklingsarbeid i kommunane

Mål: *Midlar frå stat og fylke skal bidra tilgjennomføring av regionale bibliotekprosjekt*

Prosjektmidlar er eit viktig verkemiddel for stimulering til utvikling i folkebiblioteksektoren. ABM-utvikling lyser kvart år ut midlar med søknadsfrist i oktober. Midlane går i første rekkje til større nyskapande prosjekt som anten er samarbeid mellom institusjonar på tvers av ABM-sektorane, eller samarbeid mellom bibliotek i ein region. Det finst ikkje regionale midlar som kan stimulere til ei samla utvikling av biblioteka i eit regionalt perspektiv. Relativt små summar kan bidra til kommunale løyvingar og løyvingar frå andre interessentar i lokalsamfunna. Prosjektstøtte må kunne gis etterkvart som gode prosjektet blir formulert, gjennom heile året.

Tiltak:

- Etablere ordning med regional støtte til bibliotekprosjekt

3. Innhald og tenester

MÅL

Biblioteka skal tilby universelt tilgjengelege tenester og eit breitt spekter av innhald og medieformer. Tenestene skal tilpassast ulike brukargrupper ut frå regionale, lokale og institusjonelle prioriteringar.

Strategiar:

3.1 Styrkje biblioteka som bidragsytarar til digital kompetanse

Mål: *Biblioteka skal styrkjast som møteplassar for opplæring i og bruk av digitalt innhald og digitale verkøty.*

Stortingsmelding nr. 17 (2006-2007) *Eit informasjonssamfunn for alle*, slår fast at biblioteka er ein viktig arena for å auke innbyggjarane sin digitale kompetanse. Eldre og dei som står utanfor arbeidslivet, er særskilde grupper ein må setje fokus på når det gjeld den digitale kompetansen generelt. For at Internett skal brukast trygt, er det også viktig å arbeide for digital dømmekraft blant barn, unge og foreldre. I tillegg til å stille PC'ar med Internett til disposisjon, bør biblioteka tilby opplæring i å ta digitale verktøy i bruk. Dette gjeld grunnleggjande dugleikar for å delta som e-borgarar, opplæring i søking og kjelde-kritikk, men også å gå vidare i å ta i bruk teknologien til kommunikasjon, kreativitet og samhandling. Biblioteka sine eigne nettbaserte tenester bør vere utforma slik at dei er til hjelp i opplæringa.

Det er eit stort behov for å digitalisere meir innhald lokalt, til dømes lokalhistorisk materiale. Biblioteka kan vere eit inspirerande miljø og ein god møteplass for slikt arbeid.

Tiltak:

- Tilby opplæring i bruk av digitale verkty for ulike brukargrupper
- Vidareutvikle biblioteka som møteplassar for digital deltaking og samhandling
- Samarbeide med skule, foreiningar og andre om å setje fokus på trygg bruk av Internett

3.2 Tilby enkel tilgang til digitale bibliotektenester

Mål: *Det skal utviklast universelt tilgjengelege biblioteknettstader med høg kvalitet, som gir brukarane enkel tilgang til nettbaserte bibliotektenester og digitale innhalds-ressursar.*

Satsinga på Norsk digitalt bibliotek inneber auka tilgang til digitalisert innhald og nettbaserte tenester for alle brukarar. Med Hordalandsbibliotek vil brukarane kunne få saumlaus tilgang til dei fleste ressursane i biblioteka i fylket. Utfordringa er å gi enkel tilgang i tråd med WAI-standarane¹, slik at brukarane opplever det digitale og fysiske biblioteket som eit heilskapleg tilbod. Gode, lokale biblioteknettstader må brukast aktivt i kommunika-sjonen med brukarane. Folkebiblioteka kan tilby digitalt innhald og utvikle nye tenester tilpassa lokale målgrupper. Samstundes er biblioteknettstaden ein viktig kanal for å marknadsføre og informere om tilboda i det fysiske biblioteket. Ved integrasjon av sjølvbetente tenester og lokale og nasjonale tilbod, får brukarane tilgang til det døgnopne bibliotek og kan nyttiggjere seg alle tilgjengelege ressursar. Gjennom sterk brukardeltaking på nettstaden kan innbyggjarane vere med på å utvikle tenesta sjølve.

Tiltak:

- Etablere universelt tilgjengelege biblioteknettstader for kvar kommune eller region
- Etablere fleire interkommunale biblioteknettstader
- Etablere samarbeidsnettverk på tvers av fag- og folkebibliotek i fylket for utvikling og oppdatering av nettbaserte bibliotektenester for ulike målgrupper
- Iverksetje *Den digitale bokbåtklubben*
- Utvikle nye tenester basert på sosial teknologi

3.3 Styrkje biblioteka som fleirkulturelle institusjonar

Mål: *Biblioteka i Hordaland skal vere bidragsytarar til inkludering, integrering og kulturelt mangfald gjennom prosjekt og kompetansehevingstiltak. All tenesteutvikling skal ha eit fleirkulturelt perspektiv.*

Biblioteka kan spele ei viktig rolle i det fleirkulturelle samfunnet. I Bibliotekreform 2014 er det eit mål at biblioteka skal bidra til å styrkje integrering av innvandrarar i det norske samfunnet og ved formidling av kunnskap om det kulturelle mangfaldet i Noreg og den ressursen dette er. Det skal utviklast materiell og kompetansehevingstilbod for at personale i biblioteka skal kunne bidra til inkludering av innvandrarar.

Tiltak:

- *Velkommen inn* - grunnpakke for mottak av nye nordmenn på biblioteket
- *Nye impulsar* – profilering av det fleirkulturelle Noreg
- *Fellesskap* – biblioteket som fysisk og virtuell møteplass

3.4 Universell utforming og fysisk tilrettelegging

Mål: *Det skal arbeidast for eit fysisk miljø i tråd med retningslinjene for universell utforming.*

Funksjonshemming er eit omgrep som har vore knytt til diagnose og mangel i funksjon hjå ein person. I dag set ein søkjelyset på samfunnet sine barrierar som set stengsel for folk. Manglande tilgjenge kan komma av dårleg skilting, lys, lyd, trapper og tronge rom. Universell utforming er eit alment gode, fordi alle i visse situasjonar kan ha bruk for godt utforma tilbod, til dømes foreldre som har med seg barnevogn inn i biblioteket.

¹ WAI står for Web Accessibility Initiativ – Internasjonale standardar for tilgjengelege nettstader for alle, utvikla av World Wide Web Consortium.

Denne strategien er i tråd med *Deltaking for alle - universell utforming* fylkesdelplan for Hordaland 2006-2009. Eit av fagområda i planen er utforming og tilrettelegging av bibliotek og andre offentlege bygningar.

Tiltak:

- Kartlegging av biblioteklokale, innreiing og nettsider innan 2009 i samarbeid med kommunar og andre eigarar
- Utarbeide tidsplanar for utbetringar av bygningar, innreiing og nettsider
- Vere med på forsøk med elektronisk val i bibliotek

3.5 Vidareutvikle kultur- og litteraturformidlinga ved å fremje leselyst og lesedugleik

Mål: *Biblioteka i Hordaland skal drive aktiv litteraturformidling av høg kvalitet, til flest mogleg.*

I følgje Bibliotekreform 2014 skal det setjast i verk eit eige program for litteraturformidling. Det er behov for både sentrale og regionale tiltak. Eit av måla er å få betre fram i lyset norske bøker som blir sendt til folkebiblioteka via innkjøpsordninga til Norsk kulturfond. Ei god bok treng god formidling for å få eit aktivt liv. Biblioteka har eit mangfald av bøker og andre media som bør komme fram.

Folkebiblioteka har personale som arbeider med bokprat og formidlingsteknikk. Dei ønskjer å møte andre bokpratarar for å diskutere og utvikle seg som formidlarar.

Biblioteka bør ha eit tilbod til lesesvake. Organisasjonen Leser søker bok har sett i gang ordninga Bok til alle-bibliotek. Tiltaket gir kvar deltakarinstitusjon eit lite økonomisk tilskot til å kjøpe inn og marknadsføre lettesbøker. Biblioteka opprettar kontaktar i helsevesenet, for å etablere ei ordning med leseombod. Leseombod er vaksne som les høgt for andre vaksne, og målgruppene er eldre, synshemma, psykisk utviklingshemma og andre.

Den kulturelle skolesekken treng meir litteratur i sekken. Eit bibliotek kan vere ein god arena for eit DKS-program dersom lokala høver til det. Biblioteket gir ein meirverdi ved at det har tilgang på bakgrunnsmateriale og supplerande litteratur. I planperioden skal ein få til eit godt samarbeid mellom bibliotek, DKS, kommunekontaktar, skulestyresmakter, Norsk forfattarsentrum, forfattarorganisasjonar, bokhandlar, fagfolk ved høgskular og universitet.

Tiltak:

- Vurdere å lage ein plan for lesing i Hordaland, der ein kartleggjer dette området, og ser på behov for tiltak og kven som kan utføre tiltaka
- Halde samlingar for bokpratarar, slik at dei kan vidareutvikle seg og danne nettverk.
- Halde ein idédugnad der kvart deltakande bibliotek i etterkant prøver ut ulike måtar å formidle bøker til vaksne på
- Undersøkje behovet hjå folkebibliotek for å lage turnear med forfatarar av barne- og vaksnebøker
- Marknadsføre Bok til alle-bibliotek, leseombod og få fleire folkebibliotek til å bli med
- Kurs i leseutvikling for skule- og folkebibliotek
- Auke tilbodet av litteraturprogram i Den kulturelle skolesekken
- Utvikle eit utdanningsprogram i samarbeid med Høgskolen i Bergen, der kvart deltakande bibliotek i etterkant prøver ut ulike måtar å formidle bøker til barn og vaksne.

3.6 Styrke biblioteka som bidragsytar til auka livskvalitet i lokalsamfunna

Mål: *Folkebiblioteka skal gi tilbod til nye brukargrupper og fleire skal oppleve det som meningsfylt å gå på biblioteket*

Folkebiblioteket skal vere ein attraktiv og inspirerande møteplass og kulturarena i lokalsamfunna. Erfaring viser at satsing på gode biblioteklokale er ei god investering.

Kultur og helse handlar om å sjå kva kulturtilbod kan tyde for livskvalitet hjå den enkelte. Som ein del av ei satsing på å nå spesielle grupper, ønskjer ein å få til ei auke i formidlinga til grupper i samarbeid med lag, foreningar og aktuelle faggrupper. T.d. kan ein prøve prosjektet *Bok på resept*. Ordninga finst i England, der bibliotek i samråd med helsevesen kjøper inn fleire bøker av eit utval titlar "sjølvhjelps bøker" innan medisin og psykologi. Helsepersonell kjenner til bøkene, slik at dei kan formidle tilbodet til pasientar, som gå til biblioteket og få tak i bøkene.

Tiltak:

- Medverke til utvikling av gode biblioteklokale
- Få til eit samarbeid med helsevesenet om litteraturtilbod til pasientar som kan oppsøkje biblioteket, eller få bibliotektilsette til å besøke pasientgrupper med bokprat
- Vurdere om vi skal prøve ut ordninga
- Prøve ut skrivekurs, lesegrupper og eit auka samarbeid mellom bibliotek og Eldreveven
- Lage eit seminar om litteratur, biografi og det å skrive frå eiga livshistorie
- Prøve ulike aktivitetar i biblioteket

3.7 Styrke lokal identitet gjennom formidling av lokalhistorie i ABM-institusjonane

Mål: *Brukarane skal få tilgang til rikdommen som ligg i kunnskaps- og opplevingskjelder, samstundes som kulturhistorisk materiale og dokument skal bevarast og sikrast for ettertida.*

I følge Bibliotekreform 2014 skal det utviklast ein nasjonal handlingsplan med sikte på ei meir koordinert og strategisk satsing på lokalhistorie nasjonalt og lokalt i ABM-institusjonane. Fylkeskommunen har også ei viktig rolle både i utvikling av ein handlingsplan og i gjennomføringa av ein slik plan. I planperioden vil ein arbeide med dette i tillegg til konkrete prosjekt.

Ny teknologi opnar for effektiv digitalisering og bruk av digitale kopiar. ABM-institusjonane må få tilgang til å nytte dei moglegheiter ny teknologi opnar for. Det er ei utfordring at interessa både til brukarane og rettighetshavarane blir teke vare på ved auka tilgjenge av digitalt materiale.

Det bør arbeidast for å utvikle eit regionalt kompetansemiljø på digitalisering og digital formidling. Desse fagfolka kan rettleie ABM-institusjonane slik at all handsaming av kulturhistorisk materiale tek omsyn til nasjonale standardar, format og opphavsrett. Tilsette i ABM-institusjonane i fylket bør få auka kompetanse på nettbasert formidling.

Tiltak:

- Utvikle felles inngang til søk i lokalhistoriske foto i Hordaland gjennom prosjektet *Hordalandsbilete*
- Gjennomføre eit kompetanseløft på nettbasert formidlingspedagogikk for bibliotektilsette i fylket.
- Kartlegging av lokalhistoriske samlingar i folkebiblioteka
- Felles inngang til lokalhistorisk materiale i Hordaland

3.8 Gjere tenestene kjende

Mål: *Innbyggjarane i Hordaland skal kjenne til kva tenester biblioteka tilbyr*

Det innholdsrike og varierte tenestetilbodet i eit moderne bibliotek er ikkje kjent for alle. Det er behov for sterkare synleggjering av biblioteka og kva dei kan tilby kvar enkelt innbyggjar. Gjennom systematisk satsing på informasjon om tilboda i dei ulike kanalane, kan ein nå ut til ei brei målgruppe. Gjennom ei felles satsing på marknadsføring av Hordalandsbiblioteket, kan dette bli eit kjend omgrep.

Tiltak:

- Marknadsføre bibliotek til grupper som i dag ikkje er brukarar, eller som bruker biblioteket lite
- Vidareutvikle bibliotektema på Kulturnett Hordaland
- Marknadsføre Hordalandsbiblioteket i eigen kampanje
- Utvikle profileringsmateriell for det digitale og fysiske biblioteket, som alle kan bruke
- Stimulere til utvikling av informasjonsstrategiar

Referansar

ABM-utvikling (2006). Bibliotekreform 2014 - del I: strategier og tiltak. - ABM-skrift nr. 30

ABM-utvikling (2006). Bibliotekreform 2014 - del II: Norgesbiblioteket - nettverk for kunnskap og kultur. - ABM-skrift nr. 31

ABM-utvikling (2006). Kulturarven til alle - digitalisering i abm-sektoren. ABM-skrift nr. 32

Det tilgjengelege bibliotek www.of.fylkesbibl.no/ostfyb/tb/index.html

Hordaland fylkeskommune (2006). Fylkesdelplanen deltaking for alle – universell utforming
<http://www.hordaland.no/templates/Page.aspx?id=4361>

Hordaland fylkeskommune (2005). Fylkesplan for Hordaland 2005-2008
<http://www.hordaland.no/templates/Page.aspx?id=2849>

Kunnskapsløftet. <http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/tema/andre/Kunnskapsloeftet.html?id=1411>

Møreforskning (2007). Kartlegging av bibliotek i grunnskule og vidaregående opplæring.
http://www.udir.no/upload/Rapporter/Delrapport_Skulebibliotek.pdf

St.meld. nr. 38 (2002-2003). Den kulturelle skulesekken

St.meld. nr 17 (2005-06). 2008 som markeringsår for kulturelt mangfold

St.meld. nr 17 (2006-07). Eit informasjonssamfunn for alle

St.meld. nr. 16 (2006-2007). ... og ingen sto igjen : Tidlig innsats for livslang læring


Vedlegg 1: Fag-og forskningsbibliotek i Hordaland 2005

	Tal tilsette og studentar	Sørvis-stader	Tal tilsette	Årsverk
Høgkolen i Bergen - HIB	6 089	5	20	20
Universitetsbiblioteket i Bergen - UBB	18 778	7	115	101,5
Norsk lærerakademi - NLA	1 470	2	6	5,5
Norges Handelshøyskole - NHH	2 537	1	12	12,11
Betanien diakonale høgskole – BDH	240	1	1	1
Høgskolen Stord/Haugesund – HSH	2 300	2	10	8,8
Sjøkrigsskolen – SK	2 250	1	1	1
Kunsthøgskolen i Bergen – KHIB	395	1	2	0,9
Voss sjukehus – VS	300	1	1	0,2
Bergens Sjøfartsmuseum – BSM		1	1	1
Vestlandske Kunstindustrimuseum - VKM	18	1	1	0,2
Statped Vest (Eikelund) – EVK	169	1	1	0,5
Fiskeridirektoratet - FDIR	1 267	1	3	5,3
Fridtjof Nansens institutt – FNI	35	1	1	1
Chr. Michelsens institutt – CMI	60	1	3	2
Totalt	35 908	27	178	161

Vedlegg 2: Folkebiblioteka i Hordaland 2006

	Innbyggjarar pr. 01.01.07	Avdelingar	Tal tilsette	Årsverk	Fagutdanna
Askøy Folkebibliotek	23 018	1	6	5,5	2
Austevoll Folkebibliotek	4 389	3	3	1,6	1
Austrheim Folkebibliotek	2 520	2	3	1,7	1
Bergen off. bibliotek	244 620	8	113	88,62	58
Bømlo Folkebibliotek	10 892	4	8	4,39	2
Eidfjord Bibliotek	915	1	1	0,55	0
Etne Bibliotek	3 858	2	2	1,2	1
Fedje Folkebibliotek	620	1	2	0,85	0
Fitjar Folkebibliotek	2 897	1	2	0,8	0
Fjell Folkeboksamling	20 791	1	6	6,13	1
Fusa Folkebibliotek	3 749	1	3	1,35	2
Granvin Folkebibliotek	977	1	2	0,62	0
Jondal Folkeboksamling	1 056	2	1	0,5	0
Kvam Folkebibliotek	8 230	4	7	4,36	2
Kvinnherad Bibliotek	13 032	2	8	6,3	3
Lindås folkeboksamling	13 594	2	6	3,89	2
Masfjorden Folkebibliotek	1 631	2	1	0,8	0
Meland Bibliotek	6 016	2	7	2,46	1
Modalen Folkebibliotek	356	1	1	0,6	1
Odda Bibliotek	7 154	3	6	5,18	3
Os Folkebibliotek	15 595	3	6	3,89	2
Osterøy Bibliotek	7 186	1	5	2,3	1
Radøy Bibliotek	4 685	3	3	1,87	1
Samnanger Folkebibliotek	2 353	1	1	0,75	1
Stord Folkebibliotek	16 850	2	7	4,63	4
Sund Folkebibliotek	5 670	1	2	1,18	1
Sveio Folkebibliotek	4 764	3	3	1,22	1
Tysnes Folkebibliotek	2 753	1	1	0,67	0
Ullensvang Folkeboksamling	3 416	3	4	2	1
Ulvik Folkebibliotek	1 137	1	1	1	1
Vaksdal Folkebibliotek	4 094	2	2	1,21	1
Voss Bibliotek	13 786	1	8	6,64	3
Øygarden Bibliotek	4 134	1	2	2	1
Hordaland	456 711	67	233	166,76	98


Vedlegg 3: Besøk og utlån i folkebiblioteka 1997-2006



Vedlegg 4: Bibliotek i videregående skule

	Elevlar	Skular	Timar med bibliotekpersonale med full bibliotekfagleg utdanning pr. skule pr. veke	Personalressurs totalt pr. skule pr. veke
VGS i Hordaland 2005	14 938	37	1,01	15,42


Ikkje alle skular leverte statistikk for skulebiblioteket.




Vedlegg 5: Bibliotek i grunnskulen

	Elevlar	Skular	Timar med personar med bibliotekfagleg utdanning tilsvarande minst ei halvårseining pr. skule pr. veke
Grunnskular i Hordaland 2005	53 567	264	2,0


Ikkje alle skular leverte statistikk for skulebiblioteket.




Utlånstal for kombinasjonsbibliotek er ein del av folkebibliotekstatistikken



Vedlegg 6: Periodikatitlar i fag- og forskningsbibliotek



Vedlegg 7: Nedlasting av elektroniske dokument ved Universitetsbiblioteket i Bergen



Kjelde: Universitetsbiblioteket i Bergen. Årsmelding 2006

Høringsfråsegn sendes elektronisk til sentralarkivet@post.hfk.no
eller per post til Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 Bergen
Høringsfrist er 1. juli 2007



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE